

Informasjon om bolk 1, veke 34 – 39

Velkommen til eit nytt skuleår! Me har hatt ein flott start til no. Elevane er komne raskt inn i rutinane. I 5. klassen 30 elevar til saman. Dei er fordelt med 14 elevar i 5A og 16 elevar i 5B, og går i same gruppene som førre skuleår. Me ynskjer å organisere undervisninga slik me gjorde i fjor, der me er delte i nokre fag, og saman i nokre fag. Randi har slutt på skulen, og me har fått inn Brede Haukareid Fardal, Sølvi Steig og Siv Anja Kvalsøren.

Nokre praktiske ting:

- Vekeplanane blir delte ut fredagar. Også i år er det viktig å følgje opp lekser og eigenvurderinga med eleven heime torsdag kveld. I år vert vekeplanane lagt på elevane si OneNote-side.
- Heimesida blir nytta til å leggja ut informasjon, bolkplanar, vekeplanar, faglenkjer, bilete og nyhende.
- **Meldingar til skulen:** Bruk visma. Me ynskjer IKKJE meldigar på sms. Mobilane er ikkje med overalt, medan me har tilgang til Visma stort sett der me er.
- **Engelsk:** Det vert lagt ut lydfiler til leseleksa i Stairs Listen. Lenkje finn de på vekeplanen eller på heimesida. Elevane har Feideinnlogging, og nyttar brukarnamn og passorda dei brukar på skulen. Øv glosar på Quizlet (lenkje på engelske fagsider på heimesida), eller skriv dei fleire gonger i Øveboka (ligg alltid i sekken). Der vert glosetest kvar fredag.
- **Kroppsøving** vert tysdagar. Me er **ute** (i alle fall) fram til haustferien. Ta med sko og klede til å vera ute. Me oppmodar om å ha ekstra sett med regnklede på skulen.
- Det vert **symjing/kroppsøving** torsdagar. Her deler me klassen. Informasjon om dette kjem også på vekeplanane/heimesida.
- Merk ALLE sko, klede og liknande med forbokstavane eller fullt namn (det finst mange greie merkesystem å få tak i også).
- Bokpapir på følgjande bøker; *Zeppelin lesebok+* og *språkbok*, *Yggdrasil lesebok*, *Stairs lesebok*, *Vi i verda*, *Multi grunnbok* og *oppgåvebok*.
- Helsesyster har kontortid på skulen kvar tysdag mellom kl.09.00 og 13.00.
- Olweusarbeidet vert vidareført. Tema kjem på vekeplanar og bolkplanar. Sjå også oppdateringar på heimesida.
- Det vert felles foreldremøte tysdag 5. september. Klasseforeldremøte kl.18.00 – 19.00. Storforeldremøte kl. 19.00 – 20.00
- Fjelltur denne hausten vert til Spegeln, og vert i veke 35.
- Frukt: Ein held fram med abonnementsordning på skulefrukt. Foreldra ordnar både påmelding og betaling på www.skolefrukt.no. Dei som ikkje bestiller, bør ta med frukt.
- Vekevennfriminutt vert vidareført kvar tysdag og onsdag.

Kva skjer denne bolken?

- Veke 34: Skulestart måndag 21.august.
Veke 35: Fjelltur til Spegeln. Kulturell skulesekk.
Veke 36: Stor- og klasseforeldremøte 5.9.
Veke 37:
Veke 38: Kommunal friidretsdag torsdag.
Veke 39: 5. klasse har morgonsamling



Anne Perlaug Fossøy

Kontaktlærartime torsdag 08.00 – 0845.

Tlf: 57685750

e-post: anne.perlaug.fossoy@skule.luster.no

Brede Haukareid Fardal:

Sølvi Steig:

solvi.fretheim.steig@skule.luster.no

Edwin Hjelmhaug:

Kontaktlærartime torsdag 08.00 – 0845.

Tlf: 57685743

e-post: edwin.hjelmhaug@skule.luster.no

Gunn Jorun Sviggum

BOLK 1 for 5. KLASSE 2017-18

Oversikt over kva som skjer dei ulike vekene:

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
34	Skulestart	KRØ		KRØ	<u>Olweus</u>
34		KRØ		Fjelltur	Kulturell skulesekk
36		KRØ Klasseforeldremøte Storforeldremøte		KRØ	<u>Olweus</u>
37		KRØ		KRØ	
38		KRØ		Kommunal idrettsdag	<u>Olweus</u>
39		KRØ		KRØ	